

Mellom venstrestaten og arbeidarpartistaten

Oddmund Løkensgard Hoel

Den nye tida kom til Studentmållet hausten 1919. Etter at verdskrigen tok slutt i november 1918, følgde ei sterk sosial og politisk brytingstid, og ei radikal bølge inspirert av fredssak og revolusjonen i Russland sette kraftige spor etter seg i det norske studentmiljøet. Etter krigen gjekk dei sigrande maktene til blokade av Tyskland, og blokaden og fredsvilkåra vekte sterke reaksjonar i vide krinsar. Det same gjorde svelteblokaden av Sovjet etter revolusjonen, ikkje minst i studentmiljøet. Radikaliseringa og dei politiske kampane i studentmiljøet utetter 1920-åra kan i mangt samanliknast med 1970-åra. I 1920 gjekk nokre studentar og akademikarar for fyrste gong i 1. mai-toget med studenthuvene på.¹

Radikalismen vart òg nøra av økonomisk og politisk urolege tider. Noreg var midt i omskiftet frå stabilt agrarsamfunn til urbanisert industrisamfunn, og industriproduksjonen passerte jordbruksproduksjonen i verdi nokre år før krigen sjølv om sysselsetjinga framleis var klårt størst i landbruket. Dei økonomisk «normale» tidene vende ikkje attende etter krigen, og Berge Furre har råkande oppsummert tida med at økonomisk styring nærast var eit framandord, og at «stridande krefter styrte frå grøft til grøft».² 1920-åra vart eit tiår prega av sterke svingingar i prisar og valutakursar, arbeidsløyse, dei hardaste arbeidskonfliktane Noreg har opplevd, gardar under hammaren og ei veksande arbeidarrørsle og venstreside. På universitetet gjekk krisetidene verst utover studentane. Leigeprisen på hyblar i hovudstaden gjekk til vers saman med prisen på mat på utestader og kafear.³

Politisk markerte 1920-åra ei overgangstid mellom det Rune Slagstad har kalla 'venstrestaten' og 'arbeidarpartistaten' – frå ein lang periode der Venstre hadde hegemoniet til dette vart overteke av Arbeidarpartiet fram mot 1935. Målrørsla skulle tilpassa seg denne nye situasjonen, med industrialisering, urbanisering og

sosialisme, og det vart ein svært vanskeleg prosess. Desse overordna motsetnadene i det norske samfunnet skulle koma til å slå fullt ut i Studentmållaget etter 20 år med husfred, og i 1920-åra tok laget steget over til å bli ein spjotspiss for 'arbeidarpartistaten' i målrørsla. To handfaste utslag av nyorienteringa var samarbeidet med *Mot Dag* og tidsskriftet *Fram* (1923–29).

Trass i dei urolege tidene er stabiliteten i lagsdrifta påfallande. Studentmållaget var i 1920 kome opp på eit svært høgt aktivitetsnivå, som gjennom nokre små bølgedalar stort sett heldt seg på eit jamt høgt nivå gjennom tiåret utan store endringar i struktur og arbeidsmåtar. Det er no eit sjølvikkert lag me møter, og målstudentane tok fyrst i 20-åra det avgjerande steget inn på den viktige studentpolitiske arenaen. Det var mykje på grunn av *Mot Dag*, som med få avbrot hadde fleirtalet i Studentersamfundet frå 1924 til 1940.

Politiske nyorientering og samarbeid med *Mot Dag*

Kaare Fostervoll og etterkrigsradikalismen

Nyorienteringa i Studentmållaget kring 1920 var framfor nokon symbolisert og driven fram av Kaare Fostervoll (1891–1981), seinare undervisningsminister og kringkastingsjef. Den profilerte sosialdemokraten frå Kristiansund kom til hovudstaden som 28-åring våren 1919 for å ta opp att studiane etter artium på Voss i 1912, lærarskuleeksamen i Volda og sju år som folkehøgskulelærer på Eidsvoll og Voss. Fostervoll hadde såleis fleire års fartstid bak seg i dannelsingsinstitusjonane i norskdomsrørsla då halvårsmøtet i mai 1919 valde han til formann for det neste semesteret.

Det året han sat i formannsstolen, gjekk Fostervoll i spissen for ei kraftig kursending bort frå det reindyrka filologiske og praktiske målreisingsarbeidet som hadde prega laget dei 20 åra sidan skipinga. Målreisingsarbeidet fekk følgje av eit sterkare målideologisk og allmennpolitisk engasjement, og sosialismen tok opp tevlinga med den nasjonaldemokratiske venstreideologien som berebjelke i laget.

Den nye tida prega programmet som styret til Fostervoll sette opp for hausten 1919. Laget heldt fellesmøte med Socialdemokratisk Studentforening (seinare Studentenes Komunistlag), og som innleiarar på lagsmøta finn ein både Halvdan Koht om «Nationalisme og socialisme» og Per Kviberg og Johan Gjømstein om «Arbeidarpartiet og målsaka». Johan Gjømstein (1866–1935) frå Stavanger var skulemann og stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet, og ein politikartype som vart eit ideal for dei leiande kreftene i Studentmållaget i åra som følgde. Han stod med ein fot i arbeidarrørsla og ein fot i folkedanningstradisjonen til norskdomsrørsla, og i 1920 fekk han Stortinget, med eit «kupp» som det heitte seg, til å vedta sjuårig folkeskule for alle.⁴ Gjømstein var òg sentral på den sosialdemokra-

tiske sida i maktkampen i Arbeidarpartiet som førte til splittinga i 1921.

Gjøstein var ein populær mann og kom att på årsfesten i november 1919 som festtalar. Både tala hans og hendingane elles den kvelden gjev eit konsentrert uttrykk for tida. Han brukte festtala til å formulera programmet som dei radikale målstudentane alt var i gang med å gjennomføra:

Dei unge maalmenn maatte ikkje bryta med tradisjonen fraa den tidi Olaus Fjørtoft, Rasmus Steinsvik og Ivar Mortensson var med og skapte norsk radikalisme. Dei tala og skreiv paa norsk maal um straumbaarone som skola inn over landet fraa Europa. Det maa vera vegen i dag au. Tal um bolsjevisme, um aa socialisera industrien, um folketrygd, um kva de vil av alle dei nye sociale spursmaali som tvingar seg fram til løysing; men tal paa norsk maal. Lat det ikkje bli til det at arbeidarane ser paa maalarørsla som ein lekk i reaksjonær politikk. Lat dei faa vita at det maalet dei talar er godt landsmaal, og syn at de vyrder folkemaalet i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger nett som de vyrder bygdemaali paa Sunnmøre og i Sogn. Hugs paa at maalarørsla ikkje maa vera nasjonalistisk, men demokratisk.⁵

Gjøstein nytta òg høve til å kritisera dei fredsvilkåra som sigerherrane i verds-krigen hadde tvinga på Tyskland i Versailles-traktaten. Brota på lovnadene om ein fred utan anneksonar, påstandane om at Tyskland hadde all skuld i krigen og framfor alt svelteblokaden av Tyskland etter krigen hadde ført til ei kritisk innstilling til dei sigrande vestmaktene langt utover dei tradisjonelt tyskvenlege krinsane. Og nettopp «Den politikken som førde til heimskrigen og fredsvilkåri» var emne for to lagsmøte i november 1919 med Nikolaus Gjelsvik som innleiar. Den tyskvenlege Gjelsvik framførde venteleg mykje dei same synspunkta som i ein *Syn og Segn*-artikkel på same tida, og her forklarte han utbrotet av krigen med tevlinga om koloniane mellom dei imperialistiske stormaktene og plasserte hovudansvaret for krigen på England.⁶ Gjelsvik stod på eit klårt antiimperialistisk og nasjonalistisk grunnlag og tok til orde for ein mellomfolkeleg rettsskipnad – det han kalla «den millomfolkelege samskipingsvegen».⁷

Det var likevel reaksjonane på dei sigrande vestmaktene si handsaming av Sovjet-Russland som førde til dei største massemonstringane. På den nemnde årsfesten kom det seint på kvelden melding frå Studentersamfundet om at protesten mot svelteblokaden av Sovjet-Russland var vedteken med veldig fleirtal. Sjølv stormonstringa var eit protestmøte der mellom anna Studentersamfundet, formann Kaare Fostervoll i Studentmållaget og formann Olav Midttun i Noregs Ungdomslag stod som innbydarar. Over 3000 møtte fram, fyrst og fremst studentar og arbeidarungdom, og Nils Collett Vogt, Hulda Garborg og Gunnar Heiberg heldt appellar. Trygve Bull opnar boka *Mot Dag og Erling Falk* med ei skildring av dette møtet, som han meiner var den fyrste store politiske opplevinga for mange unge frå «20-åra» og noko som kjendest som ei innviing.⁸

Saka vart såleis òg ei innviing av tilhøvet mellom Studentmållaget og dei sosialistiske og radikale delane av studentmiljøet, i fyrste rekkje det som skulle

bli Mot Dag-miljøet. Lagsmøtet to dagar etter det store protestmøtet varsla om at den auka politiske aksjonsradiusen til laget ikkje var ukontroversiell: «Det vart sterkt kritisert av somme at formannen hadde skrive under eit opprop mot svelteblokaden mot Russland som formann i Studentmålletag».9 Saka var òg kontroversiell i Bondeungdomslaget der det kom framlegg frå Midttun, Fostervoll og Fjær på det neste lagsmøtet om å vedta ei fråsegn mot svelteblokaden. Det vart antikommunisten Edvard Os som formulerte det laget vedtok, nemleg eit krav til norske styresmakter om ikkje å binda det norske folket til å vera med på å svelta ut det russiske. For «det er for oss kanskje meir enn for andre av største vekt aa hevda retten for alle folk til aa leva sitt eige nasjonale liv og sjølv setja stemna for sin sociale og nasjonale vokster.»10 Dette prinsipielle forsvaret for den nasjonale sjølvråderetten var òg ein gjennomgangstone på det store protestmøtet.

Trass i interne motførestillingar markerte ikkje den politiske nyorienteringa i sosialistisk leid noko dramatisk brot med den snart 20-årige saga til laget. Radikalisme og eit politisk og intellektuelt engasjement langt utover det reint språklege hadde prega møte- og utgjevingsverksemda til Studentmålletag tidlegare òg, sjølv om det ikkje alltid hadde kome tydeleg til uttrykk i den utettervende politiske aktiviteten til laget. I fyrste rekkje galdt dette sjølvsgt republikkstriden i 1905 der Studentmålletag vart kjernen i ein brei unionsradikal front. Med arven etter Olaus Fjørtoft og *Fram*-flokket, og med dei nære banda til Rasmus Steinsvik, Arne Garborg og Halvdan Koht, knytte Studentmålletag seg tett til den politisk radikale tradisjonen i norskdomsrørsla. Den ideologiske nyfikna hadde òg tidlegare hatt sterke representantar i laget, som georgisten Nikolai Lundegaard. Sjølvbiletet til laget var heile tida prega av at målstudentane var ein motsats til den kristeleg-konservative fløya i norskdomsrørsla med BUL- og ungdomslagshovding Klaus Sletten som framståande talsmann.

Det fyrste lagsmøtet om sosialismen var alt i 1904 då bladstyrar Torgeir Vraa i *Fremtiden* innleidde. Juristen Michael Puntervold følgde opp med eit føredrag om same emne i 1906, og sosialismen var emne på lagsmøte både i 1913 og 1915. Våren 1918, etter revolusjonen i Russland, innleidde statsarkivar Jacob Friis om bolsjevismen. Verdskrigen gjorde at forsvars- og fredssak stod på møteplanen fleire gonger, og omsynet til arbeidarklassen stod sentralt i dei målstrategiske ordskifta.

Det nye med Fostervoll og aktiviteten frå 1919 var dei systematiske freistnadene på å gje arbeidet i Studentmålletag eit meir utbygt radikalt allmennpolitisk grunnlag og å skapa ein sterkare allianse med arbeidarrørsla og den sosialistiske rørsla på universitetet. Halvdan Koht hadde gått ut av Venstre og inn i Arbeidarpartiet i 1911, og i 1920-åra følgde Studentmålletag etter. Dette gjer 1920-åra til ei sterk brytningstid og eit av dei mest spanande tiåra i saga til Studentmålletag.

Framstøyten i Studentersamfundet

1920-åra i Studentmållaget var både organisatorisk og politisk prega av banda til Mot Dag, slik denne kommunistiske organisasjonen sette eit sterkt preg på heile studentmiljøet.

Erling Falk (1887–1940) var Mot Dag, og Falk personleg og bakgrunnen hans hadde mykje å seia for kva tilhøve Mot Dag skulle få til Studentmållaget. Telegrafstyrarsonen kom frå ein radikal venstreheim på Hemnesberget i Rana der nasjonale ideal og målsaka stod høgt i kurs – difor tok faren òg til å skriva ‘Falk’ med ‘k’ i staden for ‘ch’. Erling Falk møtte sosialistisk tenking som forretningsmann i USA og kom til Oslo i det viktige året 1919. I den sosialdemokratiske studentforeininga, som hausten 1920 skifte namn til Studentenes Kommunistlag, knytte han til seg ein liten krins som byrja å gje ut lagsbladet *Mot Dag* i september 1921. Redaksjonsgruppa stod året etter fram formelt som ‘Den kommunistiske forening Mot Dag’, tilslutta Det norske Arbeiderparti. Falk med sin sterke personlegdom var den uomstridde føraren, og Mot Dag var ein typisk sosialistisk eliteorganisasjon der arbeids- og møteplikta for medlemene stod sentralt og ein liten indre krins styrte. Falk og Martin Tranmæl var hovudrivalane i dei harde fraksjonskampane i arbeidarrørsla utover 1920- og 30-åra, som Mot Dag var særskild aktiv i, og organisasjonen vart formelt lagt ned då han gjekk inn i DNA att i



«Målstyret» i Det norske Studentersamfund hausten 1923. Bak frå venstre: Hjalmar Bergsjø, Sigmund Skard, Alf Frydenberg og Bjarne Fjærtøft. Framme frå venstre: Einar Breidsvoll, Paul Gjesdahl, Kaare Fostervoll (formann) og Paul Løyning. Faksimile frå boka *Det Norske Studentersamfund gjennom 150 år*.

1937 etter eit forlik med DNA-leiinga. Falk var på det tidspunktet sterkt svekka av sjukdom og døydde tre år etter.

«Den viktigste misjonsmark forble gjennom alle år Det norske Studentersamfund», skriv Trygve Bull, og organisasjonen dominerte Samfundet i årevis, både gjennom ordskipa og formanns- og styrevala. Hausten 1922 vart Arne Ording vald til den fyrste motdagistiske formann i Samfundet, men han vart kasta alt etter eit par møte. Eit viktig grunnlag for alliansen mellom Studentmållaget og Mot Dag vart lagt på møtet i oktober der Ording vart kasta.¹¹ Der hadde Kaare Fostervoll halde ei større prinsipiell innleiing om målreisinga og dei nasjonale verdiane, og Falk hadde halde sitt fyrste store innlegg i Samfundet i eit ordskipa som ein allianse av målstudentar og kommunistar dominerte totalt.¹² Dette var det fyrste Samfundet-ordskipet der dei to gruppene stod fram samla, og det vart for mykje for ein av dei profilerte konservative studentpolitikarane, E.W. Nansen, som fann det naudsynt å gjera Samfundet merksam på «det frieri der iaften har fundet sted mellem kommunister og maalmenn».¹³ Både frå kommunistane og målstudentane vart det lagt stor vekt på at målreisinga og arbeidarreisinga var to sider av same sak – det var folkereisingar som måtte ha eit nasjonalt grunnlag og som skulle få nye og undertrykte grupper fram i samfunnslivet og kulturlivet.

To veker etter vart Fostervoll, etter framlegg frå Ording, valt til formann i Det sosiale sekretariat i Samfundet med knapt fleirtal, og vårsemesteret 1923 støtta Fostervoll og målstudentane kandidaten til Mot Dag, Axel Sømme, i formannsvalet i Samfundet. Han tapte for Arnulf Øverland, men tilhøvet mellom Studentmållaget og Mot Dag var no tett og godt.

Grunnen var dermed lagt for det store gjennombrotet for målstudentane i Studentersamfundet. I april 1923 vart det halde samrådsmøte på kontoret til Mot Dag om korleis dei radikale kreftene kunne vinna formannsvalet om hausten. Der møtte både Mot Dag, Studentmållaget, Socialdemokratisk Ungdomsforbund og Oscar Torp, nyvald formann i Det norske Arbeiderparti, og målstudentane fekk her tilbod om formannsposten. Dei sette to vilkår: Mot Dag måtte koma med framlegget, og det skulle vera eit reint målstyre. På eit eige møte vart målstudentane samde om å setja opp Fostervoll som formannskandidat, og på valmøtet i Samfundet kom Viggo Hansteen frå Mot Dag med framlegget i tråd med avtala.¹⁴ Etter ein hard valstrid vart Fostervoll vald med 210 røyster medan dei to andre kandidatane fekk 112 og 88 røyster.¹⁵ Med seg i målstyret fekk han Paul Gjesdahl, Einar Breidsvoll, Paul Løyning, Sigmund Skard, Alf Frydenberg, Bjarne Fjærtøft og Hjalmar Bergsjø.¹⁶

Vårsemesteret 1924 vart så kandidaten til Mot Dag, Trond Hegna, vald til formann med støtte frå målstudentane. Mot Dag kravde, som målstudentane hadde gjort, at det skulle vera eit reint styre, men dei gjorde eitt unntak: Hegna bad målstudenten Lars Reinton bli skrivar i styret og gjorde klårt greie for grunnen i

eit intervju i *Fram*:

Vi har i dei siste semestra arbeidt for å få målsaka fram i Samfunnet. Vi ynskjer at dette arbeidet må få framgang ogso i dette semestret. ... På det grunnlaget var Lars Reinton, som ikkje er kommunist, men som er målmann, viljug til å gå inn i styret, som sekretær, og har som oppgåve i styret å føre måltradisjonen vidare.¹⁷

Dermed var ein sikra at det nære samarbeidet mellom Mot Dag og Studentmållaget ville bli ført vidare, ikkje berre ideologisk og politisk, men òg organisatorisk og praktisk.

Dette var avgjerande for det fotfestet nynorsken og målsaka fekk i Samfundet og studentmiljøet utanfor den avgrensa flokken av målstudentar. Både Olav Dalgard og Sigmund Skard vitnar om at enno kring 1920

laut ein målstudent vera budd på flir og piping når han våga seg til å ta ordet på sitt eige mål i eit ordskifte i Samfundet.¹⁸ Både møteprogrammet og miljøet var sameleis prega av den same konservative ånda med lita interesse av å ta opp politiske emne i det heile. Studentmållaget hadde vore frampå i Samfundet tidlegare òg, men aldri på nær så kraftfullt som no, og dei konservative straumdraga gjorde det heller ikkje freistande for målstudentane å ta særleg del i livet der. Dette snudde seg no. Samfundet vart den andre faste møteplassen for målstudentane, og som Trygve Bull råkande oppsummerer gjennombrøtet: «Det var Falk personlig, som i samarbeid med Kaare Fostervoll fikk trukket målstudentene ut av sitt hi i Studentmållaget slik at de også kunne slåss for sine idéer i Studentersamfundet.»¹⁹

Det semesteret Reinton var skrivar, skreiv han program, oppslag, lysingar, kunngjeringar, brev og opprit på nynorsk. Falk sytte dessutan for at Reinton vart send alle stader der Samfundet skulle representerast slik at helsingane kunne berast fram på nynorsk, som til ein studentfest i Lund i Sverige.²⁰ Reinton fekk òg frie hender til å setja opp møteprogrammet og sytte her for ei lang rekkje programpostar på nynorsk og om «nynorske» emne, som Koht om «Norsk og dansk» og Henrik Rytter om «Juvikingane» av Duun. Det fekk *Under Dusken*, det konservative studentorganet i Trondheim, til å fella denne domen etter det fyrste Mot Dag-semesteret: «Den eneste linje vi har sett er Reinton – den eneste



Stud. filol. Olav Dalgard,
the grand old man i «Fram».

Som redaktør 1923–25 gjorde Olav Dalgard Fram til eit viktig litterært og kulturelt tidskrift for den framveksande nynorske skriftkulturen. Seinare vart han ein sentral litterat, teatermann og filmregissør. Her heidra med ei teikning i Fram nr. 4/1926.

ikke-kommunist i styret, som har lavet landsmålslysinger og fått i stand 3 landsmålsmøter, mens landsmålssemesteret bare hadde 4.»²¹

Gjennombrotet i 1923 gjorde det lettare for Studentmållaget å bruka Studentersamfundet som arena for sakene sine, og alliansen med Mot Dag gjorde det mogleg å få fleirtal. Dette høvet let ikkje målstudentane gå frå seg, og i fleire av sakene laget arbeidde med utetter i 20-åra, sytte det for å henta støtte i Studentersamfundet. På eit av dei fyrste møta i semesteret til Fostervoll vart spørsmålet om namnebyte frå Kristiania til Oslo teke opp, og ei fråsegn som oppmoda statsmaktene om å la byen få att Oslo-namnet, vart vedteken med heile 214 mot 91 røyster.²² Redaktør Nils Vogt i *Morgenbladet* hadde sjølv vore med i ordskiftet og skreiv oppgjeven på leiarplass:

Oslo-mændene feiret orgie i Studentersamfundet i lørdags hvor venskapet mellem kommunister og mål mænd siges at blive varmere og varmere. Debatten hævet sig med akademisk selvfølgelighet over ethvert hensyn til et navnebyttes praktiske vanskeligheter.²³

Hopehavet gjorde òg at mange i Mot Dag fekk auka forståing for målreisinga. Mange motdagistar kom frå eit borgarleg og konservativt bymiljø der sosialisme og kulturradikalisme slett ikkje var einstyndande med ei positiv haldning til mål-saka. Olav Dalgard, som sjølv både var målstudent og motdagist, hugsar korleis Falk sat i timevis og ville overtyda dei tvilande overklassemedlemene om kvifor eit namnebyte frå Kristiania til Oslo var «logisk forsvarleg» før saka skulle opp i Studentersamfundet.²⁴ Falk måtte overtyda dei om at namnebyttet var uttrykk for ei sunn folkereising, og ikkje ein usunn og låtteleg nasjonalisme slik tvilarane meinte.

17. mai-feiringa var ei anna sak der Falk og målstudentane måtte overvinna den inngrodde skepsisen mot det nasjonale som overklassemedlemene hadde både heimanfrå og frå kommunismen. Våren 1924 bad Bondeungdomslaget i Oslo 17. mai-komiteen om å få gå i tog, og det lukkast så vidt – røystetala i komiteen var 13 mot 13.²⁵ Falk kom med den ideen at Studentersamfundet og Arbeidersamfundet burde gå saman om eit folketog til Wergelandsstatuen der Tranmæl og Arne Ordning skulle tala. Reinton tykte det var ein god ide dersom ein unngjekk å bruka dagen til kommunistisk agitasjon. Han meinte BUL burde slutta seg til denne markeringa og kontakta BUL-formann Aslak Tønna, men 17. mai-komiteen ville slett ikkje vita om ei slik «fedrelandsfiendsk» tilstelling på nasjonaldagen. Det vart ein hard strid om saka både i avisene og i Studentersamfundet, motdagistane lukta samanstyrtar med politiet på nasjonaldagen og somme drøymde om revolusjonsliknande tilstandar. Det heile enda likevel med at Studentersamfundet, arbeidarane og BUL gjekk i kvart sitt tog.²⁶

Ei tredje sak der støtta frå Studentersamfundet vart viktig for Studentmål-laget, skal me koma attende til. Det var teaterstriden hausten 1924 der teatersjef

Bjørn Bjørnson let vera å be teatersjefen på Det Norske Teatret til 25-årsjubileet til Nationaltheatret.

Fostervoll brøytt veg. Fyrst styrkte han det allmennpolitiske perspektivet i Studentmållaget i 1919 og, som Sigmund Skard skriv, «byrja alt då å øva opp flokken til ein støyttropp på større arena». ²⁷ Dinest fekk han med målstudentane inn i Studentersamfundet – hausten 1922 kom det til dømes opprop i *Den 17de Mai* om at målstudentane no måtte melda seg inn. Og hausten 1923 vart altså Fostervoll sjølv den fyrste nynorsktalande formannen for eit styre som administrerte Studentersamfundet på nynorsk. Det hadde jamt vore målordskifte i Studentersamfundet dei to føregåande tiåra, og aldri vart ordskifta kvassare enn når språkspørsmålet vart emne. ²⁸ Det kom likevel ikkje opp mot 'måsemesteret', der målstriden nådde eit definitivt høgdepunkt i saga til Studentersamfundet. Og det som vekte strid var målbruken, ikkje det norskdomsvenlege innhaldet i føredraga. Men måsemesteret var òg godt planlagt. Styret la vekt på å vera pinleg korrekt i alle ytre ting og hegna jamvel om tradisjonen med Hans Majestet Grisen – det skulle ikkje vera noko å 'ta' styret på, anna enn målbruken. ²⁹

Det endelege slaget om nynorsken i Studentersamfundet stod 6. oktober 1923, ironisk nok etter eit føredrag av J.T. Shotwell om «Post War Problems and the League of Nations». Studentane var ikkje nemnande interesserte i verdssituasjonen og brukte i staden mange timar på å drøfta eit resolusjonsframlegg frå riksmålsstudenten Halvdan Hydle om å uttala «sin misbilligelse av det inntrykk som dets nuværende bestyrelse gir utenverdenen av Samfundets stilling i sprogstriden». ³⁰ «Samfundet har alltid irritera og eggja utanverdi, på Universitetet, og på mamma og pappa», sa Fostervoll med eit dårleg løynd spark til opposisjonen som han såg som pappagutar og mammadaltar frå Oslo vest. Per Thorson kom med det avgjerande resolusjonsframlegget: «Studentersamfundet viser Hydles forslag tilbake, idet det hevdar prinsippet um jamstillingi av dei to offisielle maal.» Det vart vedteke med ein knusande siger – berre fire røysta på Hydles framlegg. ³¹ Hovudslaget om Samfundet var vunne.

Fram

Skipinga

Sentralt i hopehavet mellom Studentmållaget og Mot Dag stod bladet *Fram* som kom med det fyrste nummeret i september 1923.

Spørsmålet om å gje ut eit eige blad var oppe fleire gonger dei fyrste 15 åra utan at Studentmållaget kom nokon veg med det. Det næraste ein hadde vore, var bladplanen til Nikolai Lundegaard i 1907 som la grunnen for *Heimsyn*-teigen i *Den 17de Mai* i nokre år. Ei nemnd som skulle få meir fart på lagslivet, konkluderte i februar 1919 med at laget burde gje ut eit blad, men det hende ikkje noko

meir før våren 1922 då laget sette ned ei eiga nemnd for å greia ut bladspørsmålet. Frå denne nemnda kan ein så følgja ei line, om enn noko krokut, til det fyrste nummeret av *Fram*.

Jens Lindberg orienterte om arbeidet til nemnda på lagsmøtet i oktober 1922, og då var det klårt at Studentmållaget i Nidaros òg emna på eit blad.³² Der hadde eit redaktørskifte i studentavisa *Under Dusken* ført til at det vesle som var av nynorsk vart kasta ut, og laget kontakta Studentmållaget i Oslo for å høyra om dei to laga kunne samarbeida om eit tidsskrift.³³ I Oslo vart det kvasse ordskifte om saka på to lagsmøte, og ein av dei som var imot, var Fostervoll – han meinte ein gjorde mykje betre målarbeid ved å skriva nynorsk i riksmålsblada.³⁴

Lindberg arbeidde vidare, ikkje minst med bladstyrarspørsmålet som valda problem, og no kom tilhøvet til Mot Dag inn som ein styrkjande, men òg kompliserande faktor etter at samarbeidet mellom Studentmållaget og Mot Dag i Studentersamfundet hadde byrja å ta form. Erling Falk tok til orde at målstudentane måtte få sitt eige blad, og Mot Dag baud seg i mars 1923 til å byta ein del eksemplar av bladet om det kom ut. I april kunne Lindberg orientera lagsmøtet om at bodet var auka til at Mot Dag ville ta på seg ekspedisjon og prenting gratis mot å få 500 eksemplar av eit opplag på 1000.

Hadde det vore usemje om bladplanen før, vart det ikkje mindre då det var klårt at det kunne bli eit samarbeid med Mot Dag. Brått var Fostervoll mellom dei mest positive – han var no på rask veg opp i Studentersamfundet med hjelp av Mot Dag. Venstremannen Breidsvoll «lika det ikkje», som sist, medan Øye hadde vorte tvilande til bladtiltaket.³⁵ Fleire, særleg dei som sokna til Bondepartiet, frykta at dette var eit frekt bondefangeri og ein kommunistisk framstøyt.³⁶ I mai vart det til slutt vedteke å gje ut bladet i økonomisk samarbeid med Mot Dag, og det hadde no fått namnet *Fram* etter studentbladet til Olaus Fjørtoft i 1870-åra. Usemja om bladtiltaket kom til uttrykk i heile fem ulike framlegg til mandat for bladstyret, der skilnaden gjekk på kor redaksjonelt sjølvstendig *Fram* skulle vera. Det vart til slutt vedteke at bladstyret «har andsvaret for innhaldet andsynes laget». Det skulle vera på fem mann og veljast av laget slik at to vart valde inn om hausten og tre om våren.³⁷

Fyrste nummeret kom laurdag 15. september 1923 og vitna om at det fyrste bladet til Studentmållaget var eit ambisiøst prosjekt. Heilt fram til 1929-årgangen vart det opplyst i kvart nummer at det kjem «kvar 14. dag». Det kunne likevel gå både tre og fire veker mellom nummera, og med lengre opphald mellom semestra, men alt i alt var det ein imponerande stabilitet i utgjevingane til og med vårsemesteret 1928. Hausten 1928 kom det ingen nummer, og våren 1929 gjekk eit nytt bladstyre på, men dei fekk berre ut to nummer før *Fram* slokna for godt. Sidetalet låg på i regelen på 16 i 1923–25 og 12 frå 1926, og samla 1923–29 kom det 64 utgjevingar på mest 1000 sider.

Dei eksemplara Mot Dag fekk av *Fram*, vart sende til tingarane av *Mot Dag*.

Mot Dag-redaksjonen fekk eit eksemplar av *Fram* nr. 3 i retur frå ein tingar, og brevet som følgde med var til stor glede for *Fram*-redaksjonen:³⁸

Grimstad, 20. oktbr. 1923

«Mot Dag!»

Dersom De ikke kan undgå at sende mig denne måldillettantisme ind i huset – jeg mener om De har kontrakt, – så ønsker jeg heller ikke «Mot Dag» sendt mere.

Ærbødigst Knut Hamsun

Det er lett å tru Dalgard når han skriv at det var slike «drepende» mothogg som gjorde det morosamt og spanande å arbeida i *Fram*.³⁹

Eit radikalt målblad

Soga til *Fram* kan greitt delast i to både redaksjonelt og organisatorisk, og det tydelege skiljet går i mai 1926 med dei to nummera i 1929 som eit etterspel.

I det fyrste bladstyret sat Olav Dalgard (Hanssen) (formann), Lars Reinton (nestformann), Aksel Sesbø og Herbert Allheimen (Nybakk).⁴⁰ Både Dalgard og Allheimen var motdagistar, og Allheimen hadde vore aktiv kommunist i dei fyrste etterkrigsåra.⁴¹ Dalgard vart ståande som bladstyrar til og med nr. 7/1925 då Amund B. Larsen den yngre tok over. Han hadde kome inn som nestformann i bladstyret frå nr. 1/1925.

Programartikkelen i det fyrste nummeret fortalde at *Fram* skulle vera eit samlingsblad for studentmållaga ved universitetet og høgskulane, og nummeret kunne by på ein artikkel av Reinton om målstyret i Studentersamfundet, eit nyskrive dikt av Anders Hovden og ein lengre artikkel av Dyre Vaa om kunstmålaren Gerhard Munthe attåt nokre småmeldingar.

Opningsartikkelen var eit program både for *Fram* og den nye radikale generasjonen av målstudentar. Her er det tankegodset til Koht me

FRAM

UTGJEVE AV STUDENTMÅLLAGA I OSLO OG NIDAROS



1. årg. nr. 1

Laurdag 15. september 1923

Pris 35 ore



Det fyrste nummeret av Fram kom i september 1923.